



Arkivsaknr: 2024/7344-4
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i tidsrommet 01.10.24 -til 30.09.28 - Westland hotell AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Westland Hotel org. nr 977465974 får innvilga alminnelig skjenkeløyve inne og utandørs for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 ved Westland Hotel, Kvalen 30, 5955 Lindås
2. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er frå kl. 08 – 02.00 mandag – lørdag. Søndag/heilagdagar frå kl. 12.00 - 02.00
Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er alle dagar frå kl 13.00 – 01.00
3. Styrar for skjenkeløyvet er Janicke Nilsen f. 30.03.77 og avløysar er Martin Gausereide f. 24.01.95
4. Løyvet vert gjeve for løyveperioden frå 01.10.24 – 30.09.28 på vilkår av at skatteetaten ikkje har merknader etter alkohollova §1-7 b- krav til vandel og at det ligg føre dokumentasjon på bestått kunnskapsprøve for avløysar.

Løyvehavar pliktar å senda til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 1. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår som er sett i løyvet.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak jfr. Forvaltningsloven §29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i perioden 2024 – 2028.

Bakgrunn

Westland Hotel org. nr 977465974 har i søknad datert 18.06.24 søkt om fornying av skjenkeløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28. Driftskonseptet er hotell, bar, nattklubb, restaurant og selskapslokale. Skjenkeareal inne er totalt ca 700 kvm og utandørs ca 350 kvm. Janicke Nilsen er styrar for skjenkeløyvet og Martin Gausereide er avløyssar. Det er søkt om skjenking av all alkoholhaldig drikk frå kl. 08.00 – 02.00 alle dagar unnateke fredag og lørdag då er det søkt om skjenketid til kl 03.00.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (Alkoholova §1- 6). Westland Hotel søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver og politi. Desse har ingen merknader til søknaden eller omsøkte personar. Søknaden er oversendt skatteetaten for uttale – men kommunen har ikkje motteke tilbakemelding pr 23.09.24

Styrar for skjenkeløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1-7 c. Avløyssar har ikkje dokumentert bestått kunnskapsprøve.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga på vilkår av at skatteetaten ikkje har merknader etter alkoholova §1-7 b- krav til vandel og at det ligg føre dokumentasjon på bestått kunnskapsprøve for avløyssar.